



Kristian o. Bringedal under føredraget på Valen.

Kvinnherad er utan ein juridisk bindande kulturminneplan, kommunen har berre ei registrering. Det konstaterte kultursjef og uskedeling Kristian O. Bringedal då han i føremiddag runda av den første sesongen for Kvinnherad Senioruniversitet med eit informativt føredrag om kulturminne i Kvinnherad i velferdsbygget på Valen sjukehus.

Det var godt besøk også på dette siste møtet i ein serie som samla sett har vore ein stor suksess. Etter føredraget var det omvising i hundreåsutstillinga ved Reidar Handeland.

Bringedal peika på at fylkeskommunen har ein kulturminneplan og han presenterte eit døme på ein flott kommuneplan - ei praktbok frå Karmøy. Men han streka under at vår kommune gjerne kan gå saman med andre kommunar om ein slik plan. Til dømes har Lofoten-kommunane ein felles plan. Bringedal sa seg samd med dei som har slått fast at å fjerna eit kulturminne er som å riva ut eit ark frå ei historiebok. Og når eit kulturminne først er borte, er det for seint. Men det er sjølvsagt ikkje mogeleg å ta vare på alle kulturminne.

Bringedal tok fram fleire døme på kulturminne som er godt ivareteke. Han priste ikkje minst Baroniet, som med ein stab på 20 om sommaren er ein stor næringsaktør. Og han hadde vorte imponert over vesle Undredal ved Aurlandsfjorden, der han hadde fått grundig orientering og god servering. Som døme på enkeltpersonar som har gjort ein stor innsats peika han på "båtmannen" Johannes G. Eide, også for hans iherdige formidling.

I sitt historiske oversyn peika Bringedal på at dei i ein periode freda enkeltobjekt – til dømes eika på Rød og Kapteinsgården i Uskedalen. I dag ville dei også ha freda miljøet rundt. Bringedal innrømte at det er lite støtte å få frå det offentlege til å ta vare på kulturminne. Men ein skal ikkje sjå bort frå private fonds, som til dømes Avlsgarden har fått tilskot frå.

Også private grunneigarar har eit kulturminneansvar. Minne frå før reformasjonen er automatisk freda, til dømes samlinga av gravhaugar på Haugland i Uskedalen. Men også her er det gjort skjæringar som ikkje er så heldige, påpeika kultursjefen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Siste møte i Senioruniversitetet var i Velferdsbygget på Valen.